

FOLK i Ryfylke 2/87



RF

FOLK 2/87 i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

ryfylkemuseet



Utgitt av Ryfylkemuseet





Innhald

- 5 Redaksjonelt
- 7 Folkemusikken i Rogaland
Av Ruth Anne Moen
- 29 Krossåkle i Suldal
Av Alvhild Flatabø Bårdsen
- 33 Sponkorgproduksjonen i Hjelmeland
Av Njål Tjeltveit
- 44 Bøker og hefter frå
Ryfylkemuseet
- 45 Annonser

Ungdomar på tur. Vi ser Sandsbygda og Tjelmelandsbrua i bakgrunnen. Spelemann: Sven Hauge frå Sandsbygda.

Forsidebilet: Dans på tunet. Erfjord i 1940-åra.

FOLK i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgivar: Ryfylkemuseet

4230 Sand

Telefon (04) 79 73 77

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem med to nummer i året.

Abonnementsprisen for 1987 er kr 85,-.

og inkluderer medlemsskap i Ryfylkemuseet.

Postgirokonto 5 66 29 11

Bankgirokonto 3202.07.01527

Sats, repro, trykk og innbinding:

Allservice A.s, Stavanger

Tilrettelagt av Dreyer Bok, Stavanger

ISSN 0800-4692 FOLK I RYFYLKE

Redaksjonelt

Heilt sidan i 1981 har Ryfylkemuseet vore engasjert i arbeidet med innsamling, vern og vidareføring av folkemusikktradisjonane i Rogaland. Hausten 1986 lukkast det omsider å komma i gang med oppbygginga av eit folkemusikkarkiv ved museet, og Ruth Anne Moen blei engasjert som konsulent ved arkivet etter særskilt løyving frå fylkeskulturstyret.

I ein artikkel i dette nummeret av FOLK i Ryfylke skriv Ruth Anne om desse tradisjonane og arbeidet med å ta vare på dei. Og ho kan vise til at det finst mye meir materiale om folkelege song- og musikktradisjonar i Rogaland enn ein trudde da arbeidet tok til i 1981. Ja, ein kan vera freista til å ta så hardt i at det er tale om å avdekke sider ved Rogalands-kulturen som lenge har vore lite kjente og enda mindre påakta.

Song, musikk og dans har vore viktige innslag i samveret mellom Rogalendingar. Men kunnskapane om dette er dårlege, og tradisjonane er svake. Likevel har vi ved folkemusikkarkivet nå ei nokså lang liste over folk som har noe å fortelja. Dei fleste som står på lista er

gamle. Derfor har vi ikkje mye tid å gjera på om vi skal lukkast i å skaffe oss desse kunnskapane, og få gjort opptak som gjer at tradisjonane kan førast vidare.

I denne situasjonen er det nokså fortvila å oppleve kor lågt dette arbeidet blir prioritert hos dei som har utveg til å løyve dei midlane som trengst for å gjera det. Fylkeskulturstyret har lite pengar til fri disposisjon i det heile, og det er mange som vil ha av dei pengane som trass alt står til rådvelde. I den kampen ser det ut til at dei folkelege musikktradisjonane blir for lette.

I vinter skal Ruth Anne arbeide i 1/5 stilling ved folkemusikkarkivet. Det er betre enn ingenting, men det er altfor lite til å gjera den jobben som burde vore gjort. Om noen få år er det for seint å gjera jobben i det heile.

Vårt håp er at interessa for denne sida ved Rogalands-kulturen vil bli større etterkvart som ho blir betre kjent, og at det vil føre til eit sterkare engasjement for å ta vare på og føre vidare dei tradisjonane som er knytta til song, spel og dans.

Born i leik på Rophaug kring 1910.



Folkemusikk i Rogaland

AV RUTH ANNE MOEN

Etter løyving av pengar frå fylkeskulturstyret kom ein i gang med oppbygning av eit folkemusikkarkiv for Rogaland hausten 1986. Arkivet er plassert på Ryfylkemuseet og Ruth Anne Moen er engasjert på deltid

for å arbeide ved arkivet. I denne artikkelen skriv ho ein del om det vi nå veit om folkemusikken i Rogaland, og ho kan slå fast at Rogaland slett ikkje er noen kvit flekk på folkemusikkartet, slik som noen har trudd.

PÅ INNSAMLINGSRUNDE

Korleis kjem vi i gang? Vi tek oss først ein tur på nærbutikken: Kor i bygda kan vi finne gamle folk som kan vite noko om song, spel og dans før i tida? Jo, da skal vi gå til . . . Så kan det hende vi snart sit heime hjå ein sprek 86-åring som kan fortelje både det eine og det anna. Han trallar ein gammal masurka-slått, og snart er han frampå golvet og trør nokre steg for å syne korleis dei dansa etter gamalt.

« . . Men det bur ei kâne borti gardane her, og ho kan nok mykje gamle viser . . . »

Så er vi ute på vandring att. Kåna, som er i 60-åra — altså reine ungdomen i denne samanhengen, tek vel imot oss og byr på kaffe.

«Då eg var jentunge var vi mykje heime hjå ein gamal kar som spelte hardingfele. Han spelte mykje til dans der i bygda. Og så spelte han ein bruerslått som var så fin . . . » så trallar ho.

Etterkvart spør vi forsiktig om vi kanskje kan få lov å ta opp dette på lydband? Det hadde vore så moro om fleire kunne få lære dette ho kan.

Om vi er interesserte i gamle opptak? Ho har eit gamalt band liggande med opptak av ein annan felespelar. Ho kjem med bandet, og vi legg det forsiktig på bandspelaren . . .

Jau, i den bygda hadde dei folkemusikk! Vi sit heime og kikkar ut gjennom glaslet i stova. Der oppe i bakken bur det forresten ei gammal kåna — ho er visst over 90 år. Vi spør ho kva dei leika då ho var lita . . .

«Om våren og sumrane leika me mykje ute. Me gjeppa, bumma og leika ymse ringleikar. Når me bumma, måtte me alltid telje kven som skulle stå eller vera fri. Her er ei teljing:

Ella mi Sella kom ned
frå eit høgt berg,
talde kor mange dråpar
ho drakk.
Kor mange dråpar drakk ho?

Ein svarer då eit tal, og den talet stemde på, var fri.»

(Sikke Mæle, Forsand, f. 1885)



Dans på Bøen i Ulladalen ein gong før 1916. Durspel: Johannes Bøen (gøymt bak dansarane).

«Om dei har dansa her i bygda? Jau, i veikrossen der borte brukte dei helst å vere. Det var mest slik einrasta trekkspel dei brukte da. Hadde dei ikkje musikk, tralla dei. Som jentunge såg ho to eldre danse noko dei kalla springar i eit bryllaup. Då var det felemusikk til. Denne ma'en dansa og halling og spende i takbjelkane så fli-sene fauk . . .

Men har de vitja ma'en til syster mi — han er inn-anfrå bygdene — han kan gjerne hugse noko att av denne springaren? Han er eit par år eldre, han, enn eg . . .»

Slik blir vi sende frå hus til hus, og får stadig vite meir om den gamle musikken, songen og dansen.¹

EIN MUNNLEG TRADISJON

Folkemusikk, sang og dans er ein «munnleg» tra-



«Eg og du og den gamle horpa, me danste halling på grautaskorpa . . .» Sand barneleikarring dansar mellom stolpane på sjøhuset. Spelemann er Kjell G. Nilsen.

disjon. Vi lærer ved å sjå, høyre og ta etter. Gjennom ei slik opplæringsform vil stoffet gradvis endre seg opp gjennom tidene, og vi vil få fleire «variantar» av same visa eller slåtten. Den enkelte spelemann eller — kvinne, dansar eller songar, har gjerne satt sitt eige preg på stoffet, og slik laga ein eigen variant.

Dei som syng og spelar folkemusikk i dag, lærer framleis på den gamle måten, for det meste, ved «herming». Dersom dei ikkje har nokon å lære av, brukar dei gjerne kassetspelar. Dei kan og ta opp lærereistrar på band. Slike hjelpemiddel hadde dei ikkje før, dei måtte stole på øyret. Kanskje høyrde dei visa berre denne eine gongen. Det er imponerande kor godt mange av dei som er gamle i dag kan hugse langt attende — gjerne viser dei lærte alt som born. Kan hende var dei betre lyrarar enn vi er no?



Svein Eikeland, Bjerkreim, 1960. Heime i tunet i lag med eit av borneborna.

KVA VEIT VI OM FOLKEMUSIKK I ROGALAND?
Det har vore vanleg å tru at Rogaland ikkje har hatt nokon folkemusikktradisjon å snakke om. Kvifor?

«Ein viktig grunn er nok at Rogaland til alle tider har vore eit kommunikasjonssentrum, og har som andre kystdistrikt vore orienterte utover mot andre land og kulturar. Nye kulturelle impulsar har såleis kome tidleg og har gjort seg sterkt gjeldande her,

og det har difor vore tilsvarende vanskeleg å halde på gamal, lokal tradisjon . . .»

(Harald Olsen, artikkel «Folkemusikktradisjonar i Rogaland Nr. 1, Ætt og heim, 1982)

Dei første folkemusikksammlarane, dei som tok til med arbeidet alt på midten av førre hundreåret, reiste altså ikkje til Rogaland. Dei reiste til Setesdal og Telemark, område som hadde vore meir isolerte. Der rekna ein med å finne meir av det gamle stoffet. Det gjorde ein da og — men dermed vart kanskje andre område — og kanskje særleg Rogaland med slike sterke naboar — gløymde? Og seinare har det blitt til at ein har rekna det meste av Rogalandsstoffet som «lånt» austfrå, der ein har hatt ein mykje eldre nedteikningstradisjon.

Har rogalendingane vore for smålåtne når det gjeld eigen tradisjon?

«Det finnst ein springar i Suldal som ber namnet Suldalsspringaren. Men same slåtten finst også i Telemark, så ein må gå ut fra at springaren ikkje er spesiell for Suldal, men denne melodien kunne alle spelemenn i Suldal.»

Då må vi vel kunne si at det var temmelig god tradisjon her? Det same kan vi seie om rundansslåttane som etterkvart tok over:

«Etter kvart som springar, halling og dei andre eldre dansane gjekk meir av mote, kom det nye som vals og reinlender til. Ein reknar med at også desse melodiane mykje har kome austfrå. Det finnst mange valsar og reinlendarar som alle spelemenn i Ryfylke kunne, og dei vart spela mest kvar laurdagskveld når folk svinga seg i dansen.»

Dette begrunnast slik:



Dans på tunet, Erfjord i 1940-åra.

«Storparten av slåttene som vert spela her, har sitt opphav i Hardanger, Telemark og Setesdal, men sume slåttar har fått si spesielle utforming i Ryfylke, slik at ein skulle tru dei berre fanst i dette distriktet. Men granskarar har funne same slåttane att i andre variantar på ymse stader i landet rundt.»³

Men dette er jo nettopp det som er typisk for folke-musikken! Vi finn variantar av same slåttan/visa mange stader i landet! Det blir da også sagt vidare i artikkelen:

«Slik er det gjerne med dei fleste slåttane, dei går frå spelemann til spelemann, frå bygdelag til bygdelag og får si ulike utforming av dei som har teke slåttane i bruk i pakt med deira lynne og natur.»

Ja, slik er det.

Til samanlikning kan vi merke oss at spelemenn ifrå Bjerkreim som regel fortel at «dette er ein gamal Bjerkreimslått», dersom dei ikkje veit noko anna — t.d. at slåttan har kome med anleggsarbeidarar e.l. Kan det vere slik at det er meire «lånt» stoff i Suldal enn i Bjerkreim? Eller er Suldølingane berre meir smålåtne når det gjeld eigen kultur?



Ungdomar på tur. Vi ser Sandsbygda og Tjelmelandsbrua i bakgrunnen. Spelemann: Sven Hauge frå Sandsbygda.

Sikkert er det i allefall at svært mykje av folkemusikken er så gamal at vi ikkje kan seie sikkert kor den kjem ifrå. Og då kunne den vel like gjerne ha vore laga i Rogaland som i Telemark.

Det kan vere moro å vite at ein så namngjeten spelemann som «Myllarguten» faktisk og lærte slåtter av

spelemenn i Suldal! Fylkesgrena er inga grense i folkemusikksamanheng. Og det viser seg at, sjølv om Rogaland, ikkje har hatt slike storspelemenn som er blitt namngjetene i landssamanheng, har dei hatt mange gode dansespelemenn. Og desse har ført Rogalandsmusikken vidare heilt fram til i dag. At dette er lite kjend, er ein viktig grunn til at Rogaland ikkje blir rekna med — det er hardingfela som først og fremst gir status i folkemusikksamanheng.

Vi har altså ein hardingfeletradisjon i Rogaland. Denne skal vi komme tilbake til nedanføre. Kva anna har vi?

INSTRUMENTALMUSIKKEN

Tar vi instrumentalmusikken først, har det og vore spelt på vanleg fele i store delar av Rogaland, særleg i dei ytre stroka. Vi har mange historier om gode spelemenn og spelekvinner, f.eks. frå Jærområda. Men denne musikken forsvann lenge før noko innsamlingsarbeid var påtenkt her i fylket. Fela blei tidleg, alt ved århundreskiftet, bytta ut med det første durspelet, «einrastaren». Vi har soleis ikkje bevart noko av denne musikken. Men eit og anna slåttestev kan fortelje noko om korleis den var, og einrastaren tok nok og over enkelte runddansslåttar.

Einrastaren, blei etterkvart avløyst av torastaren, eller toradaren som instrumentet blir kalla i dag. I 1920-åra kom så det kromatiske trekkspillet og tok over dansespelet. Dei fleste gjekk over til dette instrumentet. Repertoaret på dette instrumentet blei ofte henta andre stader ifrå, gjerne ifrå radio og etterkvart grammofon, og dei spela populærmelodiar frå denne tida. Teknikken på dette instrumentet var annleis enn på durspelet, og dei harmoniske mulighetane var andre. Repertoaret frå durspelet blei difor ikkje ført vidare på dette nye instrumentet, men døydde ut med det gamle. Heldigvis, i denne samanhengen, var det ikkje alle som gjekk over til kromatisk spel, men fekk seg kanskje i staden eit «trerasta durspel». Det lever fleire i dag som kan gi opplysningar om dansespel på dette instrumentet, og nokre spelar litt framleis. Det er gjort lite for å dokumentere dette stoffet, og no hastar det, dersom vi skal få ført det vidare til dei unge som spelar toradar i dag.

Eit instrument som har hatt noko av det sama reper-



Georg Fuglestad, Bjerkreim. Biletet er tatt i Tønsberg 1919.



Klaus Torkelson Fuglestad, Bjerkreim.



Ivar Fuglestad, Bjerkreim, 17 år gamal.

toaret, pluss ein del i tillegg — eit instrument som har vore lite påakta, er munnspelet. Munnspelet har vore mykje brukt til dans i ein periode, og vi har fleire i 70-, 80- og 90-åra som kan fortelje at dei har spela til dans på munnspelet. Nokre kan spele framleis. Vi har dessutan døme på runddansspel og mandolin — eit instrument som og var populært i ein periode. Men det har vel helst vore til heimebruk.

Går vi lenger attende i tida, har munnharpe vore mykje brukt. Diverre har vi ikkje dokumentert musikk på dette instrumentet — og den siste kjende munnharpe-spelemannen døde i 1950-åra. Men utifrå det ein veit andre stader, må vi rekne med at dei har tatt repertoaret sitt ifrå den gamle felemusikken, og altså spelt springar og halling.

«I 1890-åra var det fleire som hadde munnharpe. Det var ein veig tone som ikkje høyrdest langt når dei var ute, men i ei stove høyrdest det godt, og det trefte at dei danste etter munnharpemusikk . . .»

(Frå «Gamalt fraa Bjerkreim», J.S.)

Eit anna instrument ein vel ikkje tenkjer på i samband med folkemusikken er tromme. «Tamburen» spelte på ei slags skarptromme og vi har forteljingar om bruk av tromme i lag med fele til springar fra 1850-åra i Suldal.

«Du kan tru de' let vent når tamburen slo på tromma — å spelema'en spela attåt.»

(Hylsfjorden, 1840-50-åra)

«Nei, di sko kje slutta me' trommå å felå.»

(Hylsfjorden, 1920)

Det har elles vore vanleg at tromma spelte i lag med fela når brurefølget skulle til kyrkje og når bruregrauten blei boren inn. Det har og vore eigne «trommeslåttar». Den siste kjende tamburen i Suldal døyde i 1911.

«Etter brudgomsgrauten tok dei i veg til kyrkja, med tambur og felespelar i brodden. Rett som det var, var det einkvan som dundra og skaut med borse eller pistol . . . Då brura kom inn i stova med grauten, sto tamburen og slo på tromma så det var uråd å høyra mannemål. Dei måtte gå rundt med ei skål og samla inn pengar til han for å få han til å slutta. Med spelemannen var det snarare omvendt, dei måtte leggja pengar i fela hans når dei ville få han til å halda fram med spelinga utover natta.»

(Hoftun, Suldal kultursoge)

Av andre eldre instrument, har dei brukt både lur, bukkehorn og ymse trefløyter. Men det er ingen i dag som kan fortelja kva slags musikk dei spelte.

DANSETRADISJONAR —

EIT EIGE INNSAMLINGSPROSJEKT

«I bryllaup gjekk det lysteleg i fleire dagar. Det var mykje spel og dans, helst springdans og halling i dei gamle bryllaupa» (= springar)

(Torkel Tveit, Erfjord 1932 «Erfjord bygdebok»)

«Me ungane var ikkje store før me og var med i dansen. Det var som takten sat i kroppen vår, var medfødd.» (Svein Ekeland, Bjerkreim, f. 1892)

Det går mange historier om gode dansarar frå gammalt. Som me ser, har dei dansa både springar og halling, også i Rogaland. Vi høyrer om gode springar- og hallingdansarar både frå sør- og nordfylket. Når dei gamle snakkar om halling, er det sume tider den dansen der karane dansar aleine, også kalla «laus». Men det har og vore ein dans der dei dansa to og to i lag, ein dans dei gjerne kallar «gangar» andre stader.


«Forutan springar vart det i Ryfylke også dansa halling i eldre tid, og Bråtveit fortel at det har vorte dansa ein halling som liknar ein slags gangar. Gutane tok jentene med seg i dansen, noko som ikkje er vanleg i halling. Oppmed Suldalsvatnet dansa dei vanleg gangar til kring 1920.»

(Frå avisartikkel «Ryfylkespringar og . . .»)³


I dag er det bare springaren av desse eldste dansane som er i bruk. Det finst fleire filmopptak av springardans ifrå Suldal, og fleire unge har teke dansen opp att. Det lever fortsatt folk som har dansa både springar og «parhalling» i ungdomen. Dei kan kanskje ha eit og anna å fortelje?

I ein avisartikkel fra 1960-åra har vi lese:

«I Ryfylke finst det og ein gamal springar som dei gjerne kalla Ryfylkespringaren. Han er mykje lik



Durspel i bygdemuseet på Finnøy.



Feleskrin i bygdemuseet på Finnøy.

Vestlandsspringaren, og ryfylkingane har truleg laga sin eigen variant av denne . . .»

I dag veit vi det at denne «Vestlandsspringaren» er ei nyskapning, sett saman av fleire springarar på Vestlandet. Det skjedde i den tida då ein visste lite om dei lokale springarformene på Vestlandet — ein trudde desse var gått tapt, og ein ville freista å rekonstruere ein springar. Denne vart mykje lengre og infløkt enn det som var vanleg, då den skulle ha med moment frå fleire springartypar.

Forma vi kjenner i dag av springaren frå Suldal skulle vere nokså lik slik den er blitt dansa av mange. Det er eit grundig arbeid som er gjort for å dokumentere springardansen i Rogaland. Ellers har dansen, liksom slåtter og viser, variert frå stad til stad, og frå utøvar til utøvar. Vi høyrer t.d. historier om s.k. «karstykke» i dansen, som «rundkast» og slikt. Men dei informantane vi har på film har vore gamle, og har ikkje kunne vise slike ting.

Ein del av dei eldste snakkar og om «ridl» eller «trittur». Dette er ein dans der dei har dansa saman 3 og 3, og vi har dokumentert to slike frå Rogaland. Etterkvart kom og nokre «turdansar», som t.d. «Totur» frå Jelsa. Desse dansane kom etter at dei «nye» dansane — no kalla «gammaldans» tok over etter springaren og hallingen. Vi veit no etterkvart temmelig mye om korleis dei har dansa reinlender, hopsar, masurka m.m. i Rogaland etter gamalt.

Kvifor veit vi så mykje akkurat om dansen? Avdi det i nokre år har gått føre seg eit systematisk innsamlingsarbeid på dette feltet. Det er eit samarbeid mellom Rogaland Ungdomslag og Egil Bakka i rådet for folke- musikk og folkedans i Trondheim, der landets einaste folkedansarkiv finnst. Her finnst og mykje film- og videostoff frå Rogaland. Med til dette innsamlingsar-

beidet hører og songleiktradisjonen, og her har ein og funne fram ein god del stoff. Av leiker for born, har vi i Rogaland t.d. fleire lokale variantar av «Bru bru breia» — i dag bedre kjent som «Bro bro brille».

SONGEN

«I min barndom ljoma det av song oppe i heiene. Eg gløymer ikkje då vi var unge og flaug i heiane, den songen det var der oppe. Når det leid på sommaren, var dei i kvart ei skor og på kvar plassen og så kunne vi høyre song frå Espeland. Der var nokre svære songarar. Om kvelden song dei, og når dei slutta på eine sida av dalen, begynte einkvan på den andre. Du kan aldri tru kor fint det var. Eg glømer det ikkje . . .»

(Ola Fagerheim, Sauda, f. 1893)⁸

I Rogaland finn vi ein særlig rik samling av religiøse folketonar. Men vi finn og mykje songstoff for born: Barnesullar, leikeviser og andre småstubbar, dessutan ein del «gjetleviser». Mykje av dette stoffet kan vere svært gamalt.

Ellers finn vi forutan eit par eldre ballader ei rekke gamle kjærleiksviser, sjømannsviser, emigrantviser, og andre viser av ymse slag. Vi finn slåttestev — småstubbar til feleslåtter av eldre og yngre slag.

«I bryllaupa var det song og stevjing til eit skifte i dansen . . .»

(«Erfjord bygdebok»)⁶

Rogaland er einaste fylket på Vestlandet som har ein eigen «nystev»-tradisjon. Nystev er små vers som gjerne kunne bli dikta i det aktuelle høvet. Ein hadde nokre faste melodiar ein kunne bruke. Vi kjenner fleire melodiar og ein heil del tekstar ifrå Rogaland.



Frå Amtskulen på Ryggjabø, Judaberg, ca. 1910. Spelemannen med fele til venstre er Per Leite frå Strand. Han med durspelet er Lars Våge frå Erfjord.



Olav Bråtveit med fela.

Sveinung Ørekvam (1854–1954) frå Ulladalen fortalde at det i 1860-åra var vanleg å stevjast:

«Når me gjette, og når me samlast om kvelden, hadde me stevkamp. Ein song eit stev, og så kom ein og song eit attemot. Me va' kjøme te læra dei.»

(Hellemo, 1963, «Stev og visedikting i Suldal»)

Nokre av dei eldste vi treffer på kan fortsatt syngje etter gamlemåten — kveda, kaller dei det i Telemark. Ein seier det slik:

«Mange av dei gamle tonane har nokre underlege sløyfer og vendinger som kan vere vanskelege å syngja for dei som ikkje er vane med det . . .»⁴

Vi har mykje forteljarstoff om folk som var sers gode til å syngja, og ein del av desse hadde ein spesiell funksjon i heimbygda: Dei var «kjøkmeistarar» i bryllaup og «liksongjarar» i gravferd.

«Torkel Tveit var ofte kjøkmeister, og då song han fleire viser som levde i folketradisjonen i Erfjord. Sumt dikta han sjølv og, stev og anna.»

(«Erfjord bygdebok»)

«Liksalmene» skulle syngjast på ein heilt spesiell måte, med svært kraftig stemme og mykje utkrotingar på melodien. 2–3 liksyngjarar gjekk føre kista, og song ved kvar garden fylgjet gjekk framom. Måtte dei over vatnet, brukte dei «kjørkjebåtadne»:

«Syngjarane sat bak i båten. Det kvilde ein underleg dâm over lag og grender då desse store båtane gleid — litt stillere og finare enn vanleg kan henda — over vatnet. Arbeidet stansa for ei stund på dei gardane fylgjet dro framom, og folk stod stille og ålvorsame, og såg på og lydde til songen. Og dei gripande liktonene svara att frå dei høge fjella. Det låg noko klagande og på same tid noko



Serina Malmin, Bjerkreim, syner nokre tak frå springaren i Bjerkreim. Serina Malmin har og sunge inn mange Bjerkreimsviser på band.

lengtande i desse tonane. På oss unge virka dei i alle fall til å setje oss i ein eigen uhyggestemning. Me totte me hørde tonane i dagevis etterpå. Og har



Frå folkemusikkmønstring på Sjøhuset, Sand, mai 1987. Gamle Rogalandsslåtter i samspel på 2 hardingfeler, sjøfløyte og langeleik. Frå venstre: Marton Laksesvela, Jan A. Østedal, Dag Hovda Sture og Ruth Anne Moen. Når det gjeld langeleiken har vi ingen dokumentasjon frå Rogaland, men vi veit at instrumentet har vore spreidd over det meste av landet før fela kom — så det er ikkje urimeleg at det og kan ha funnest her.

ein først eingong høyrte dei, vil ein vel aldri heilt kunne gløyme dei.»

(Gabriel Bakka, Suldal 1928)⁵

Tradisjonen med bruk av «liksyngjarar» har stått sterkt i indre Ryfylke, sterkere enn dei fleste andre stader.

Skikken var i bruk heilt fram til 1930-åra, og det lever fortsatt folk som kan dei gamle «liktonane». Det finnst eit arkivopptak ifrå 1947 med tre «liksungjarar» ifrå Suldal, Anders Lunde, Odd Mehus og Per Vetrihus.

HARDINGFELE I ROGALAND

Kven er det som kan fortelje om hardingfelespel?


Det er helst i områda Bjerkreim i sør, og Suldal i nord, altså dei indre stroka av fylket. Dette ser ut til å vere område som har halde sers lenge på det gamle spelet. Vi har og dokumentert hardingfelespel frå Strand og Høgsfjord. Kyststroka har hatt mykje meir samband med andre landsdelar og andre land, og vi finn knapt folk i dag som kan fortelje om felespel til dans. Men vi har eldre skriftlege kjelder som fortel om både spelemenn og spelkvinner på vanleg fele, t.d. frå Jær-distriktet.

Kva for musikk har dei spelt på hardingfele, og kva særpreg har denne musikken? Dei har frå gammalt av spela springar og halling, seinare kom runddansspelet. Vi har bandopptak heilt tilbake frå midten av 50-talet, og dei siste opptaka er gjort så seint som i 1981. Det finnst og eldre notenedteikningar.

Ein god del av dette stoffet har eit sterkt lokalt særpreg, og særleg i Bjerkreim har det halde på mykje av den gamle tonaliteten. Det er og frå dette området vi har bevart mest av hardingfeletradisjonsstoffet ifrå Rogaland.

Av impulsar utanfrå kan ein i sørfylket merke samband med Vest-Agder, og i nord helst Telemark, når det gjeld det melodiske stoffet. Dansetakten er likevel typisk vestlandsk, og rytmikken i springaren ifrå sørfylket passar godt overeins med Suldalsspringaren.

For ca. 10 år sidan visste vi lite om hardingfeletradisjonen i sørfylket. Då hendte det at ein medlem av spe-



Lars og Bertha Rafdal. Bertha Rafdal, Saudasjøen, f. 1864, har sunge inn mange religiøse folketonar på band.

lemannslaget «Vibå» i Stavanger fekk ein telefon ifrå ein kar som gjerne ville lære ifrå seg nokre gamle Bjerkreimsslåtter . . . Denne karen var Ivar Fuglestad, ifrå

Fuglestad i Bjerkreim. Takka vere han, blei den nye generasjonen av spelemenn og -kvinner merksame på fylkets eige tradisjonsstoff. Dette blei opptakta til eit større innsamlingsarbeid, først på frivillig basis, av medlemmer av «Vibå», seinare organisert under Rogaland Folkemusikklag som har vore pådrivaren for å få oppretta Folkemusikkarkivet.

Det var 3 brødre Fuglestad som spelte hardingfele, Ivar, Georg og Trygve, og alle tre finnst i arkivopptak. Det skulle vise seg å vere eit sterkt tradisjonsområde her — vi fekk høyre om fleire kjende spelemannsslekter, på Fuglestad, Eikeland og Austrumdal, og Espeland. Snart dukka det opp fleire gamle opptak av ein annan spelemann av deira generasjon, og, nemleg Svein Eikeland.

Kva seier så historia om hardingfela i Bjerkreim?

«Klaus Anderson Vikeså . . . f. 1782 . . . i Bjerkreim, . . . var svært musikalsk. Han fekk seg fele og lærde seg å spela, og vart ein framifrå spelemann . . .

Den yngste son hans, Tønnes, fortalde at far hans kunne sitja og spela halling og samstundes vera i fullt prat med folk som sat attmed han, medan dansen gjekk på golvet . . .»¹⁰

Klaus A.V. som er ein av forfedrane til Fuglestadbrørne, er den første vi høyrer om som spelar fele, men det kan godt ha vore andre.

I Rogaland har det til dels vore store motsetnader mellom hardingfela og dansemusikken og dei religiøse vekkingane. Det har førd til at hardingfelemusikken har blitt nærast utrydda endel stader, likeeins dansen som høyrde til. Slik gjekk det ikkje i Bjerkreim, men ein del konfrontasjonar var det — høyr berre korleis det gjekk med denne Klaus og spelinga:



Lars Berge, Sand, har lært bort fleire slåttar til neste generasjon.

«Men det vart brått slutt på spelinga hans. Han vart gripen av haugianerrørså, som då i lengre tid hadde spreitt seg i Bjerkreim. Som me veit, for-dømde haugianarane felespel på det grovaste. Dei trudde djevelen sjølv var i fela og tryllte folk med

tonane sine. Klaus tok difor fela i halsen og slo henne mot ein stol så flisane fauk. No var han iallefalt trygg for at ingen av sønene kom i denne djevelens tjeneste, som han sjølv hadde vore . . .»

Men trygg på etterkomarane sine vegne var han ikkje. Vi høyrer om Torkel, sonen:

«Liksom far sin, Klaus, ville ikkje Torkel heller gjeva sønene sine lov til å læra seg å spela på fela . . .»

Men om Klaus Torkelson, eldste son til Torkel, f. 1851, høyrer vi:

«Eit år Klaus var på sildefiske, kjøpte han ei fele av spelemannen Johan Monsen frå Espeland.

. . . Det var ikkje lenge før han lærde å spela, men om våren då han reiste heim, torde han ikkje ta fela med heilt til Fuglestad . . .

Klaus gøymde fela i ei ur, og lurte seg avgarde for å spela:

«Var det ein rektig fin kveld, kunne dei høyra felelåt frå andre sida av Fuglestadvatnet. Summe trudde beint fram at det var huldra som spela for Klaus, og heldt på å gjera han tussete. Men ein kveld høyrde dei felelåt under Skjeraberget, og så forsto dei kven som var hulder. No måtte han heim med fela, så far hans kunne kontrollere at ho ikkje vart nytta til dans . . .»

Han slapp i alle høve å slå sund fela. Elles høyrer vi mange historier om at folk sler sund eller brend felene sine i tidlegare tider.

Klaus Torkelson Fuglestad var farbror til dei tre Fuglestadbrørne ovanfor.

Felemusikken har vore nært knytta til overtru. Frå gamalt av kjende ein historier om spelemenn som lærde av nykken. Seinare vart det til at det var hinnanmannen sjølv dei lærde av. Brennevin og slagsmål kunne og følgje med fela og dansen, og utifrå den gamle overtrua, var det lett å legge skulda på sjøve fela og musikken.

«Det var slik ein dragande makt i fela», blei det sagt om gode spelemenn. At musikken kan verke sterkt på oss, treng ikkje vera av det vonde. Her frå saga om Signe Ulladalen og Jacob Vatnet:

«So strauk han upp ein hulderslått. Og kinna glødde og augo brann, og Signe ho lydde og kunde lite få augo ifrå han. Og før slåtten var ende, var gjenta seld: han lyt det verta, han og ingen annan!

Og Jakob han spela og fela ho lo, og Signe trakka takten og hulla med for seg sjølv:

Han Jakob, han Jakob, ja han vil eg ha!
Seidu dudl ludl lei,
seidu dudl ludl lei.

Og Jakob han spela og fela ho song. Og sjølv trødde han takten med og lilra og lo på understrengene:

Og vil du no ha meg, so berre meg ta!
Seidu dudl ludl lei,
Seidu dudl ludl lei.

Han Jakob vart ein trottug spelemann all sin dag. Men so glad var han i henne Signe, og so sæl kjende han seg over å eiga henne, at kva han so spela, og når han so spela, so surla og song det frå understrengene — ja heie spelet hans var ikkje noko anna enn denne eine låten:

KOM HID, MINE VENNER

e. Andreas Vindahl, Sand

Kom hid, mine venner, som lyske at høre, jeg vil nu for
 jeg kalder dem venner, som lungen kan røre, saa vel af der
 eder fremtøre en sang min mening ei det er til
 høre som laure stand
 nogen mands besvær, en hver kan vel si - ge om vanskelig'
 tider; tilis lenger man lever, til lenger jo værre'

KOM HID, MINE VENNER

Suldal

Kom hid, mine venner, som lyske at høre, jeg vil nu for
 jeg kalder dem venner, som lungen kan røre, saa vel af der
 eder fremtøre en sang min mening ei det er til
 høre som laure stand
 nogen mand besvær, enhver kan vel si ge om vanskelig' tider; jo
 lenger man lever, jo lenger dess værre.

1. To variantar av ei emigrantvise: Emigrantens avskjed/farvel du moder Norge.

Signe Ulladalen ho er mi!
 Signe Ulladalen ho er mi!
 Sii ulla å li di,
 Sii ulla å li di.»

Notekompis 1, A

nysliw e Aasmund Tveit, Sauda

Det bur ein gut un-der tjei-ta - nu - ten, til Kvil-dal
 fri - a den jor-da - gu-ten. Dei sei han skul - le på Loft-hus
 fri, men på Øy-sta fekk han no gif-ta si.

- nysliw e Aasmund Tveit, Sauda

1 B

Nystev

Suldal

Fyrr eg skal taka ein som er fjote - nei, fyrr skal grastein paa vatne
 fjote, fyrr eg skal taka ein som er slugg, nei fyrr skal grastein veta
 bygg. eller: Nei, fyrr skal grastein veta bygg.

redkgn. Olav Sande

2. To nystev (frå Sauda og Suldal), det første etter Aasmund Tveitane.

I nordfylket er det Suldal som har halde lengst på hardingfeletradisjonane. Også her har det vore spelemenn som har teke vare på det gamle og førd det vidare heilt fram til i dag.

Men her har og vore konfliktar:

«Det kom ein austmann til Berge, fortel Lars Berge, og ein kveld tok han fram ei fele og gav seg til å spela. Mannen på garden som var haugianar, sa at felemusikk ikkje hørde til i dette huset og bad gjesten å leggja bort fela straks. Over heile Ryfylke var det ein sterk reaksjon mot felespel . . .»

(Fra artikkel «Ryfylkespringar og . . .»)

Lars Berge frå Sand, spelar både slåttar han har lært av bestefaren, og av mor si — begge tralla slåttane. Han spelar og stoff etter andre kjende spelemenn ifrå Suldalsområdet, — Olav Bråtveit som igjen mellom anna lærde slåtter av Odd Roaldkvam, Nesflaten. Desse spelte og ein del Telemarksslåtter, og det har i det heile vore mykje samband med Telemark, som vi alt har sett. Lengre oppe i Bratlandsdalen spelte Ola Selland til dans. Han er busatt i Røldal, men har spela slåtter i Suldalstradisjon.

Tek vi turen lenger sør, til Strand, finn vi Anders Leite som fører vidare ein tradisjon ifrå sitt område. Det har vore fleire spelemenn her og i eldre tider.

Leif Mæle ifrå Høgsfjorden spelte helst Telemarksslåtter, men hadde og nokre slåttar i Høgsfjordtradisjon. Han bygde dessutan feler.

Ein telemarking som var mykje i Rogaland, er alt nemnd, nemleg «Myllarguten», Torgeir Augundsson:

«Mange brudlaup spela Myllaren paa desse kantar, daa vist i Suldal. Paa Sørøstad spela han eitt som ikring 1838. Daa var det fem krunebrurir med Suldal kyrkje. Dei beste spelemennar i bygdi var med, Knut Kjetilstad or Kvildal og Knut Mogleiv. Men alle hine spelemennene laut leggje felune ned då Myllaren kom. «Dei la ifraa seg alle fira attme' kjærkjemuren . . .»»⁵

Her høyrer vi altså om 4 spelemenn frå Suldal, derav to navngitte — «dei beste spelemennar i bygdi». Det skulle vel tyde på at det har vore nokre? Olav Bråtveit seier da og:

«I Suldal fanst det hardingfeler i mest kvart hus før, og det var vanleg at karane dreiv og klunka litt på fela . . .»

Men vi høyrer altså lite om spelemannstradisjon i

Tveitaslått
 - etter sang -
 Lars M. Tveit - lærer, som døde 1907, 86 år.
 spelt i Suldal - fela og ringler. 3. og 4. vers
 Lærte Myllarguten slått av Tveit.

Rim: øfi du da, du, sø du den, du!

3. Tveitaslått, etter Lars M. Tveit.

3. Tveitaslått, etter Lars M. Tveit.

Rogaland. Dette har nok, forutan det som før er nevnt, og samanheng med at andre folkemusikalske tradisjonar har vore sterkare, nemleg dei vokale, og da særleg dei religiøse folketonane.

Olav Bråtveit var og kjend som felebyggjar. Felene hans var kjende også utanføre Rogalands grenser. Spesielt interessant er det å merke seg at det var O. B. som laga den første fela til Hallvard Bjørgum ifrå Setesdal, som i dag er rekna for ein av landets beste utøvarar på hardingfele. Då O. B. døde i 1973 skreiv far til H. B., også ein landskjend felespelar, følgande til familien til O. B.:

«Den vesle fela Hallvard fekk er eit kjært minne —
og kanskje avgjerande for at han vart spelemann . . .»
(Torleiv Bjørgum, priv. brev)

Av andre felemakarar i Suldal frå nyare tid, kjenner vi
m.a. til Ola Djupvik ifrå Bråtveit. Olav B. seier elles:

«Det er mange som kan bygge feler. Bare her i
Suldal kjenner jeg en god del . . .»
(avisintervju)

INNSAMLARAR

Noko innsamlingsarbeid har det blitt her i fylket også,
sjølv om ein kom seint i gang. Etter det som tidlegare er
sagt om Rogaland som kystfylke og kommunikasjons-
sentrum, skulle ein vel nettopp her ha starta svært
tidleg! Kva er så gjort, trass alt?

Holger Barkved (1897–1963) er den som har gjort det
største innsamlingsarbeidet i Rogaland. Han har skreve
ned ca. 700 melodiar og gjort fleire lydopptak. Han
starta opp så tidleg som i 1918, og lydopptaka er ifrå
midten av 50-åra. Han fekk ofte høyre han var for seint
ute. Det er likevel eit rikt materiale han har samla, mest
vokal-stoff, men og noko instrumentalt.

Av andre innsamlarar må vi nemne Olav Sande
(1850–1927) som skreiv ned ca. 200 melodiar i perioden
1905–1920. O. S. var ifrå Sogn. Ein annan rogalending
som må nevntast er Magnus Våge, som har samla både
mykje folkeminnestoff ifrå fylket, derimellom ein god
del folkeviser. Elles har folkeminnegranskaren Rikard
Berge, som var lærar i Suldal 1901–1902 samla ein god
del stevtekstar og nokre melodiar.

Det finnst og mindre samlingar gjort av andre privat-
personar i fylket ifrå eldre tid.

Den kjende folkemusikksamlaren Arne Bjørndal
gjorde seg og ein tur til fylket.

«Norsk Folkemusikksamling» i Oslo har ei større

samling opptak gjort av Rachel Thomassen ifrå Vest-
Agder, på begynnelsen av 1960-talet. Dessutan har
NRK, ved Rolf Myklebust gjort ein del innsamling i
Rogaland. Og vi har altså ein god del opptak i samband
med innsamling av dansetradisjonar, som er nevnt tid-
legare.

I dei seinare åra er det fatta ny interesse for innsam-
lingsarbeid i Rogaland — ein har sett kor lite som trass
alt er gjort, og vil freiste å redde det som måtte vere att
av det eldste stoffet. To har skrive hovudoppgåver om
folkemusikk i Rogaland: Velle Espeland: «Folkesong i
Bjerkreim» og Synnøve Mæland Sydnes: «Religiøse
folketonar i Ryfylke». Til begge desse oppgåvene
knytter det seg eit større innsamlingsarbeid.

Når det gjeld instrumentalmusikken, har medlemmer
av spelemannslaget «Vibå» gjort ein stor innsats. Dette
arbeidet er etterkvart blitt organisert igjennom Roga-
land Folkemusikklag, laget som vart skipa med tanke
på å få til eit eige folkemusikkarkiv for Rogaland.


FOLKEMUSIKKARKIVET

Folkemusikkarkivet i Rogaland fekk sitt første engasje-
ment hausten 1986, med Ruth Anne Moen som tilsett.
For første gong har det blitt muleg å setje igang med å
skaffe oversikt over kva som finnst av innsamla mate-
riale ifrå Rogaland. Det viser seg at stoffet er spreidd på
mange forskjellige arkiv utafor fylket, og ein del finnst
og hos privatpersonar. Registrering og kopiering er no
sett i gang, slik at vi kan få stoffet samla, og gjort det
tilgjengelig for Rogalendingar. Slik det har vore til no,
er det få som har visst kor slikt stoff var å få tak i. Folke-
musikktøvarar ifrå fylket har gjerne henta stoff ifrå
andre kantar av landet, da dette har vore lettare tilgjen-
geleg! Etterkvart håper vi at Rogalendingane igjen kan
få sjansen til å bli kjent med sin eigen kulturarv, også på
dette området.

KJELDER:

1. «Folkemusikk i Rogaland» — informasjonshefte til skolekonsertturne, red. Rikskonsertane.
2. Harald Olsen: «Folkemusikktradisjonar i Rogaland», 3 artiklar i «/Ett og heim», 1982, -83 og -84.
3. «Ryfylkespringar og bruremarsj frå Jelsa» — intervju med Olav Bråtveit og Lars Berge, Sand, Stavanger Aftenblad, slutten av 1960-åra.
4. «Gamalt fraa Bjerkreim», red. Jørgen Skjæveland.
5. «Suldal kultursoge», Hoftun.
6. «Erfjord Bygdebok», Magnus Våge.
7. «I manns minne», fylkesbindet for Rogaland.
8. «50 år med folkemusikk», Rolf Myklebust.
9. Lars Hellemo: «Stev og visedikting i Suldal», artikkel, 1963.
10. Georg Fuglestad: «Vikeså-Fuglestad-ætta».
11. Johannes Arnesson: «Signe Ulladalen ho er mi».

RUTH ANNE MOEN, f. 1950, er utdanna musikkpedagog og arbeider med ei hovudoppgåve om folkemusikk i Rogaland. Ho er sjølv både instruktør i folkedans og utøvar på hardingfele, og har vore engasjert som konsulent ved folkemusikkarkivet for Rogaland sidan hausten 1986.



Utsnitt av eit åkle som truleg er frå siste halvta av 1700-tallet, eller kanskje enda eldre. Biletet er frå mappa over gamle krossåkle frå Suldal, og det var Marta Fisketjøn som åtte det. På dette åkledet er det nedanfrå nytta ein gavlabord, eller -braut, krossbord, stolpabord og ein ny krossbord.

Krossåkle i Suldal

AV ALVHILD FLATABØ BÅRDSSEN

Dei gamle åklede hørte til det finaste sengeutstyret ein hadde før i tida. I Suldal, som mange andre stader, vart åklede vovne i krokbragd og vart kalla for krossåkle. Alvhild Flatabø Bårdsen og avdøde Julius Bårdsen har hatt stor interesse for desse åklede. Dei

har samla opplysningar om dei gjennom lang tid, og har m.a. gitt ut ei mappe med ein del døme på korleis desse åklede kunne sjå ut. På denne bakgrunnen har vi bedt Alvhild Bårdsen skrive denne artikkelen for tidsskriftet vårt.

Krossåkle er det lokale namnet på krokbragdvevnad i Suldal, og elles i Ryfylke. Krokbragd er eit gammalt vevslag som er velkjent over heile landet frå eldre tider, og som har vore sers mykje nytta på Vestlandet.

Teknikken er enkel, men gjev høve til ein umåteleg rik variasjon i mønster og fargar. Sjølve bindinga gjer at det lagar seg små krossar i mønsteret, og namnet krossåkle kjem av dette.

Åkle tyder overbreidsl, og krossåklede høyrde til det finaste senge-utstyret. Der vart og bruka skinnfeldar, bossbreidsler, kvitlar og bolster. Men til gjestegengene skulle det vera krossåkle.

Ein god vevstol, vevgogn, høyrde til på kvar gard. Den skulle helst kunna brukast både til breide og smale vevar. Det var tverrtrea som avgjorde slikt, og der var ofte dobbelt sett av dei. Utstyr elles, slikt som rokkar, karder, bommar, skytlar o.a. høyrde sjølvst med. Men vevskeiene gjekk ofte på lån. Ein bonde i Suldal hadde tre døtrer som vart gifte på kvar sin gard. Han

arbeidde *ei* vevskei for krossåkle som desse tre konene skulle ha saman. Dette syner att i mønstra på vevnaden på desse gardane, dei bruka mykje dei same bordene eller brautene og. Brautene har namn etter figurane i mønsteret. Her er gavlabraut, krotabraut, kjevlabraut, krossbraut, stolpabraut, gitterbraut og mange fleire. Ei gavlabraut minner om små husgavlar ved sida av kvarandre, ei kjevlabraut om små kjevl, og slik er det med dei andre og.

Materialet, vyrket, var det heller ikkje så vanskeleg å skaffa. Ull fekk dei av sauene, og den var vanleg på gardane. Lin vart det og dyrka, og det vart stelt heime i eldre tider. Renninga, varpet, i åklede var oftast handspunne ullgarn eller linstry. Seinare vart hamp og bomull bruka. Innslaget, veften, var handspunne naturfarga eller plantefarga ullgarn i eldre tider. Anilinfargane, pakkfargane, kom i bruk i siste delen av 1800 tallet.

Å «leggja på» eller «setja opp» ein vev krov mykje



Krossåkle som overbreidsle i ei kruneseng. Senga står i bua på Kolbeinstveit, eit av bygdetuna til Ryfylkemuseet.

førearbeid. Men når dei så var ferdige med renning, sveiping, hovling, treing og framknytning, var det med spaning og gleda dei kunne setja seg i vevstolen og byrja å «slå inn».


Dei byrja oftast med ein kvit kant oppe. Så kom gjerne ei gavlabraut i ein eller fleire fargar. Deretter kvitt, og så laga dei mønster vidare etter det som høvde. Mønstra i dei gamle åkleda er sjeldan symetriske, og her har truleg fargane på garnet vore avgjerande. Dei som har vore burti plantefarging kjenner nok til at det er så å seie uråd å få to fargeparti heilt like. Dette nytta dei då ut på sin måte. Men fargespelet i brautene er oftast rikare oppe enn nede på åkledet. Likeeins er der ein finare, klårare glans i åkledet når der er nytta spelsauull. Den gamle norske sauene, spelsauene, har eit lag med blanke dekkhår, og spunnen på rett måte gjev denne ulla eit blankt og sterkt garn som er sers fint i vevnad.

Det vart sjølvsagt og vove andre ting på gardane. Vadsmål og «stoff» til bruksklede, bolster til dynevær og høyend (hovuputer), dukar til høgtidsbruk m.m.

Her vart dyrka lin i siste krigsåra, og Sand Husmorlag har framleis dukar i bruk som er laga av denne linen.

Men det gjekk med krossåkleda som med så mange andre gamle ting. Litt etter kvart fekk me anna sengeutstyr, meir lettstelte og praktiske ting. Krossåkleda vart nytta som hestedekke, golvteppe, dørmatter o.a. På stølane var der og ofte fine krossåkle, men når stølane kom i forfall fylgde gjerne åkleda med. Mykje er øydelagt på denne måten, men heldigvis har me då noko att.

For omlag 25 år sidan tok Julius Bårdsen, med hjelp av Marta Fisketjøn, opp arbeidet med å fargefotografere og samla opplysningar om gamle krossåkle. Saman med Stavanger Husflidsforening, og med tilskot frå Rogaland Husflidslag og Suldal kommune, vart det



Ein god vevstol hørte til på kvar gard. Denne står på stovelemmen på Tveit, bygdetunet i Sauda som Stiftelsen Tveit-tunet eig og driv. Til veven ser vi det hører med to sett tverrtre og bommar, slik at ein kunne tilpasse han breidda på den veven ein ville arbeide med.

i 1975 gjeve ut ei mappe med 12 fargefoto av gamle krossåkle, og med tekst og opplysningar til. Denne mappa har vekt stor interesse, og er nå spreidd over heile landet.

Å veva er eit gildt og skapande arbeid. I vår tekniske tidsalder kan ein oftast få alt på ein lettvinnt måte. Men skapargleda kan ikkje kjøpast for pengar.

Krossåkle er etterspurd vara i dag. Dei vert oftast hengde på veggen til pynt, og det er der dei høyrer heime no. Interesse for åklevevnad er stigande, og plass til ein vevstol bør det vera i kvar heim. Det kan kanskje vera noko å ha i tankane for dei unge som byggjer hus i dag — for Sven Moren sine ord står framleis ved lag:

«Å karda og spinna, å hespa og tvinna,
bruka neven, veva veven av finaste ull
er så gjævt, du, er så hævt du,
det gjev hugnad og gull.»

ALVHILD FLATABØ BÅRDSSEN, f. 1917, er utdanna formingslærer og har arbeidd både i folkehøgskulen og i framhaldskulen. På Sand har ho vore medeigar og medhjelpar i Sand bok- og papirhandel i ei årrekkje og medarbeidar i den gamle Sandsposten. Ho har hatt stipend frå Fylkeskulturstyret for å arbeide med gamle tekstilar frå Suldal.

Frå kring 1910 har vi ein heil biletserie av familien Hetlelid i arbeid med sponkorgjer. Det er mora, Anna, som står bak, med faren, Johannes Hetlelid, i arbeid med ei korg til høgre. Borna er frå venstre Ola, Mikkel og Kristen. På golvet til venstre sit Johan.



Sponkorgproduksjon i Hjelmeland

AV NJÅL TJELTVEIT

Produksjonen av sponkorgar har vore stor i Hjelmeland. I enkelte periodar var det mange som fann eit levebrød i korgflettinga. Det hadde særleg samanheng

med trongen for korgar som emballasje i bæreksperten til England. Men framleis blir det produsert korgar i Hjelmeland. Og det er god avsetning på dei.

Bygda Vormedalen var i mange år husflids- og handverksbygda framom andre i Hjelmeland. Husmenn i Vormedalen med godt handlag og flust av pågangmot gjekk i gang med produksjon av sponkorgar og jærstolar frå århundreskiftet og utetter. I Vormedalen blei det og laga treskor.

Sponkorglaginga er frå starten først og fremst knytt til namnet Johannes Hetlelid, medan Lars Vigemoen dreiv som aktiv jærstolprodusent. Også Johannes Hetlelid laga jærstolar. Sidan dreiv folk både i Vormedalen og andre bygder i Hjelmeland med produksjon av både sponkorgar og jærstolar. Sponkorgproduksjonen er liv laga i dag også.

STAVANGER HUSFLIDSFORENING INSPIRERTE

Stavanger Husflidsforening var ein viktig igangsetjar for å stimulera folk til sponarbeid både i Vormedalen og andre stader. Stavanger Husflidsforening blei skipa i 1888 og dreiv kursverksemd både i Stavanger og på bygdene i Rogaland. Kursemne den første tida var særleg veving, halmfletting og korgarbeid.¹

Ein ung svensk bondegut som heitte Gotfred Svenson, blei leigd av Stavanger Husflidsforening til å halda kurs i korgfletting i Forsand, Stjernarøy, Skjold og Time. Han stod for eit vidaregåande kurs der dei flinkaste elevane ved huflidsskulen i Stavanger gjekk. Dette var kring 1890.²

Men i 1901 hadde Stavanger Huflidsforening eit kurs som fekk mykje å seia for korgproduksjonen. Kurset blei halde i Vormedalen i Hjelmeland med Caspara Scherer til lærar. Ho arbeidde på den tid som handarbeidslærar ved Jæren folkehøgskule på Klepp og stod i 1901 for to kurs i sponkorglaging. Caspara Scherer var tilsett ved folkehøgskulen på Klepp frå 1899 til 1905. Ho flytta sidan til Torshus folkehøgskule i Orkdal og gjorde teneste der i mange år.

Deltakarane på korgkurset i Vormedalen viste stor interesse og givnad, og etter kurset sende Caspara Scherer ein rapport til styret for Stavanger Husflidsforening. Der står det:

Eg hold i haust eit lite Kursus i Flisarbeide inne paa Laugaland i Ryfylke. Det varte berre tri Dagar —

fraa 21de til 25de November. Men det var flinke, hændige Folk, som var med, so eg totte ikkje, det kom so lite ut av Kurse korso. For slik saag det ut for meg, at dei, som gjeck der, var Folk, som verkelig tenkte paa aa gjera seg Nytte aa det, dei lærte, so eg hev den beste Von um, at Husfliden derinne hev trugne Vener. 6–7 Lærlinge tok del i Kurse. Det var midt i Potetuptakingi, so det var liti Tid for Folk til sovore Arbeide; men Interesse for Saki viste mange med det at dei kom og saag paa Arbeide. Det var helst Korgar til Bærekspert, som vart gjort — ogso ein 2–3 andre Modeller.

Klep, 30te December 1901

*Med Vyrndnad
Caspara Scherer*

Det er grunn til å merkja seg tidspunktet for potetopp-taking. Dette tykkjest vera i seinaste laget! Den tilreisande læraren kan mishugsa eller observert feil.

Caspara Scherer heldt og kurs i spon- og flisarbeid, som det heitte, i Vikedal. Dette 5 vekers kurset hadde 18 elevar; 7 gutar og 11 jenter. Frk. Scherer var meir skeptisk til utbytte og framtidsverknader av dette kurset, for dei fleste deltakarane var svært unge.⁴

Ein av kursdeltakarane i Vormedalen var Johannes Hetlelid. Han gjeck ivrig i gang med korgproduksjon, og etter kvart som ungane i den store barneflokk vokste til, kom dei med i arbeidet. Alt i 1903 heldt Johannes Hetlelid eit kurs i korgarbeid for Husfliden i Stavanger. Om kurset skreiv Hetlelid ein rapport den 30. desember 1903:


«Kurset holdtes fra 18de November til 14de September og besøgt af 20 Elever. 18 havde Stipendium a 15 Kr. af Landhusholdningsselskabet. Det

viste sig at Interessen var stor, og der blev arbeidet en hel Del Kurve af forskjellige Slags, fra grove til fine Sponkufferter. Elevene beholdt de udførte Arbeider.»⁵

Stavanger Husflidsforening dreiv på denne tid ei omfattande kursverksemd. I åra 1901–1909 blei det halde 15 «sponkurs». I 1903 var det m.a. kurs på Skiftun og Talgje, i 1905 på Fogn og Jelsa, og året etter på Nedstrand. Også andre stader enn i Ryfylke var det kurs i sponarbeid.⁶

Det er no vanskeleg å finna ut kva resultat dei ulike kursa gav, men det blei nok på denne tid laga sponkorgar mange stader i Rogaland, om ikkje produksjonen var like stor alle stader. Kring 1930 var det noko korglaging i Hålandsosen i Erfjord. Slikt arbeid blei drive av fleire familiemedlemmer i heimane hos Jonas Maribu og Hans Hamra. Begge stader var det far og søner som laga korgar.⁷

I første del av 1900-talet må kursverksemda til Stav-



Bæra frå Hjelmeland vart eksportert i 5-liters sponkorgar med påsydd lokk. Denne er laga av Mikkjel Hetlelid.



Mikkel Hetlelid i arbeid med ei «spøtakorg» på aldersheimen i Hjelmeland i 1982.

anger Husflidsforening ha gitt synlege resultat. I produksjonsmengd skilde sponkorger som hovudsakleg blei nytta til å ha frukt og bær i, seg ut som den store husflidsproduksjonen, og ikkje minst hadde kurset i Vormedalen vore vellykka. I Stavanger Husflidsforening si melding om verksemda fram til 1912 står det:

«En betydelig arbeidsgren har foreningen seet udvikle sig, nemlig forarbeidelsen af emballagekurve til frugt, hvoraf der nu afsættes alene igjennem foreningen ca. 30.000. Naar man ser tilbage til aaret 1902, da dette kursus afholdtes (efter opfordring af bystyrelsesmedlem fru Jacobsen) i Tytlandsvik, som fik saa vidstrakte følger, saa er det morsomt at se, hvad der kan udrettes, naar de rette folk ta'r fat. Kurset varede nemlig kun 5-6



Ola Hetlelid, som var født i 1894, arbeidde framleis korgar i 1970-åra da dette bildet blei tatt. Han laga og jærstolar og hadde verkstad på Hjelmeland.

dage, men interessen var der, og materialer, saatsige udenfor stuedøren.»⁸

Stavanger Husflidsforening hadde også tidlegare hatt positive kontaktar i Hjelmeland. I 1892 skreiv laget til alle prestegjeld i amtet for å prøva å skipa underavdelingar. Desse lokal-laga skulle ha minst ti medlemmer, og kvart medlem betalte ein årskontingent på ei krone til underavdelinga. Det kom få positive svar tilbake, og

berre to stader blei det starta såkalla underavdelingar, i Hjelmeland og Skjold. I meldinga om verksemda i åra 1888–1912 står det at avdelinga i Hjelmeland arbeidde godt. Leiar var Chr. Selvåg.

Stavanger Husflidsforening må før århundreskiftet hatt tankar om ein skule i ei eller anna form i Hjelmeland, for i laget sin protokoll for 27. oktober 1899 står det:

«For om mulig at faa i gang en skole i Hjelmeland, skrev Sekretæren til landshandler Østensen, men hans svar, der blev oplæst, var ikke særdeles lovende, ialfal ikke for Tiden.»



Bærkorgar i bruk. Det er Borgela og Lars Vigemoen som hentar ripsbær. I midten Liva. Biletet er frå husmannsplassen Vigemoen i Tøtlandsvik. Sonen til Borgela og Lars dreiv landhandel i Tøtlandsvik. Han heitte Johs. Tøtlandsvik.

Hjelmeland kan ikkje ha vore ein ukjend stad for Stavanger Husflidsforening då laget tilbaud kurs i korgfletting i Vormedalen.

JOHANNES HETLELID AKTIV KORGLAGAR

Johannes Hetlelid satsa stort på å produsera sponkorgar, men han hadde og laga treskor og prøvde seg på

jærstolar. Til Vormedalen kom Johannes Hetlelid i 1883 og slo seg til i bygda som husmann. Han var fødd på den veglause heiegarden Hetlelid i Årdal.

Materialar til sponkorgene kjøpte Johannes Hetlelid frå bønder i Vormedalen, og til å laga spon å fletta av, bruka han ein høvel med fire handtak. Når det skulle høvlast til spon av heimkjøpte plankar, trongst det to personar som heldt i kvar sine to handtak. Det galdt om å ta godt i for å dra laust spon. Den første tida hadde Johannes Hetlelid hjelp av kona si. I Hetlelid-familien kalla dei den store høvelen for «Oksen». Høvelen er av fleire i Hjelmeland omtala som korgahøvel. Under

høvelen var det spikra kantlister for å få den breidda på sponene som ein ønskte.

Seinare laga Johannes Hetlelid ein maskin med ei tann på til å dela opp spon med. Denne maskinen blei den første tida driven med vasskraft. No kunne til-laginga av spon gjerast mykje enklare.

Johannes Hetlelid produserte mest berre dei velkjende 5 liters sponkorgene. Men han laga og nokre koffertar av spon.

Furu har gjennom åra vore det mest brukte treslaget til å laga sponkorgar av, og sponen blei høvla til i fleire breidder etter kva funksjon han hadde på korgene. Også på 5 liters korgene vart det bruk for spon med ulik breidde.

Hos Johannes Hetlelid laut ungane tidleg hjelpa til i korgproduksjonen. Dei yngste gutane hadde til opp-gåve å setja fast handtak i korgene, medan dei eldre var med i sjølve fletteprosessen. Når dei yngste gutane kom heim frå skulen, stod det gjerne ein stabel 5 liters korgar utan handtak og venta. Pliktene for dagen var ikkje over før alle korgene hadde fått handtak. Då dei eldste sønene og faren dreiv for fullt med korglaging, var tre personar i sving på ein gong. Ein fletta, ein la på band og den tredje sytte for handtak. Dei kunne greia rundt 25 korgar i timen.⁹

Den eldste av Hetlelid-sønene, Ola Hetlelid (f. 1894) har fortalt at den første tida han var med faren og laga korgar, fekk dei 9 øre for stykket. Sidan auka betalinga til 11 øre, og det gav romslegare økonomiske vilkår. Sidan flytta Ola Hetlelid heimanfrå og busette seg i Hjelmelandsvågen der han leige rom hos Ragna Torsen. Her gjekk han i gang med korgproduksjon for seg sjølv og laga eitt år 13.000 korgar.

Husfliden i Stavanger var gjennom åra ein trufast mottakar av korgar som Johannes Hetlelid og familien hans laga. Dei ferdige korgene blei lagra i ein skut til dei

skulle fraktast på handkjerre til Tøtlandsvik for å sen-dast derifrå med rutebåten til Stavanger. Mange velfylte lass trilla unnabakken frå Laugaland til kaiplassen ved Jøsenfjorden. Den tome kjerre kjendest tyngre enn då dei hadde lass, for på heimveg bar det oppoverbakke.

På det meste kunne Hetleliane laga 20.000 bærkoger for året. Det var særleg den omfattande bærproduk-sjonen i Hjelmeland som skapte veksande behov for sponkorgar.

FLETTINGA

Erfaring og handlag har alltid avgjort kvaliteten på dei fletta produkta. Før sjølve fletteprosessen kunne ta til, blei den ferdighøvla sponen alltid bløytt godt i vatn. Det gjorde han lettare å arbeida med.

Flettinga av 5 liters korgar føregjekk i starten på eit brett. Johannes Hetlelid og andre korgprodusentar sidan plasserte spon saman i to retningar rett mot kvarandre der spon etter spon blei fletta i kvarandre i eit fast system. Først la korgflettarane tre spøner i botnen. Deretter blei sju kortare spøner lagde i hop med dei tre andre i 90 graders vinkel. No kunne to sidespøner på kvar side flettast parallelt med dei tre botnspønene. Sidan blei korgemnet snudd; og når nok spøner var lagde på plass, kunne fletteren rissa rundt og bøya opp det liggjande flettverket som skulle utgjera sidene på korga. Langsidene kom først på plass. Endane blei så sette opp og korga forma til.

Når korga hadde fått den rette fasongen, blei det sett på band utanpå og inni rundt øvre kanten. Banda blei så spikra fast i korga for å støtta henne. Etter sjølve korga var ferdig, blei det finskore rundt øvre kanten. Så kom handtaka på plass. Til handtaka trongst det tre spøner som låg oppå kvarandre. Desse spønene var til-skorne i høvelege lengder på førehand. Først blei hand-



Her er det Lars (til venstre) og Magnus Tuntland som har tatt seg ein kvil mellom korgar og busker på Tuntland. Biletet er tatt ein gong i 1930-åra.

takssponen festa i eine sida med ein spikar. No kunne handtaket bøyast tvers over korga og formast til før det blei festa i andre enden.

Framgangsmåten i laginga av 5 liters korgen er den same i dag og. Men no blir banda rundt oppe på korgene festa med stiftar og ikkje med spikar.

BÆREKSPORT AUKA BEHOVET FOR KORGER

I 1895 gjekk det ei prøvesending med bær frå Hjelmeland over Nordsjøen til England. Bæra kom frå hagen

til Chr. Selvåg. Dette var starten på ein omfattande og lang bærekспорт, og Selvåg sjølv engasjerte seg i det nye eksporttiltaket. Han var på den tid ein framstående mann i hagebruket i Hjelmeland. Til bærsendingane trongst det emballasje. I Sverige fekk Chr. Selvåg fatt i korgar. Desse var utan hank og lok. Erfaringane frå dei første sendingane viste at pakking og sending kravte ekstra omtanke når bæra skulle fraktast så langt som til England.¹⁰ Sponkorgar laga i Hjelmeland blei heller snart tatt i bruk til bærekSPORTen, og auka satsing på bærekSPORT la grunnlaget for stor ekspansjon i korglaginga.

Til bærekSPORTen blei det brukt dei vanlege 5 liters korgene med hank. Oppå bæra la produsentane eit stivt

papir der det ofte stod trykt namn på bærslag, avsendar og mottakar. Loka blei fastsydde med tråd. Til dette bruka ein litt store nåler. Desse nålene blei til dagleg kalla for korganåler. Tråden var sydd i eit slags sikk-sakkmønster.

Etter kvart gjekk dyrkarane saman i bærslag og sende bæra sine direkte til England utan å bruka mellommenn. For perioden 1911–15 heiter det i Femårsmelding for Stavanger amt 1911–15, s. 9 at eksporten var i framgang og at det blei nytta ein «ny ensartet kurvtype, ensartet pakning og merking, ved forbedring av transporten og ved at søke sammensluttet de lokale eksportlag med havebruksforeningen under ledelse av dennes regnskabsfører.»

Bærproduksjonen auka jamnt utover til 1930. På den tid var truleg bær dyrkinga på topp. I 1929 er det registrert 65.499 bærbuskar i Hjelmeland, og det fanst over dobbelt så mange bærbuskar som frukttre. Kring 76 prosent av bærtrea var solbær, ripsbæra utgjorde 21 prosent og stikkelsbæra 3 prosent.

Etter 1930 gjekk det tilbake med bæreksperten til England, og dette førte til at mange reiv opp bærbuskane. Dårlege prisar og at det kom toll på bærimporten gjorde mykje til at det gjekk ut med det store bærålet til England. I ein rapport om frukt- og bær dyrking i Hjelmeland legg Trygve Brandal fram materiale som viser ny oppgang for bær dyrkinga mellom 1949 og 1959. Solbær var det dominerande bærslaget i denne perioden.¹¹

I dei store bæråra prøvde mange seg på å laga sponkorgar i Hjelmeland. Av naturlege grunnar stimulerte den gode etterspørselen til korgproduksjon. Kor mange korgar som årleg blei laga i Hjelmeland då produksjonen var på det høgaste, er det uråd å kartleggja. Men det var nær samanheng mellom eksportvolum til hei-

memarknad og utenlandsk marknad og talet på korgar som blei produserte i Hjelmeland. Korgar som produsentane leverte bær i til Stavanger, fekk dei igjen ein del av. Dei korgene som gjekk til England, var alltid eingongskorgar. Brukte korgar blei nytta til å henta bær i heime.

Ei registrering av husflidsprodusentar i Hjelmeland frå 1930 har heile 22 namn på korglagarar. Dei fleste budde i Vormedalen, på Fjellet mellom Hjelmeland og Tøtlandsvik og i sentrumskrinsen.¹² Behovet for korgar var stort ut over på 1920-talet, og mange laga mengdevis med korgar gjennom vinteren. Folk som dreiv gard, hadde rolege stunder i den mørke årstida og kunne laga korgar som attåt arbeid. Elles inneheld lista over korgprodusentar i Hjelmeland mange med Hetlelid til etternamn. Folk som laga korgar i Hjelmeland var m.a. Ola T. Breiland, John Børve, Jørgen Hegland, Tore Nesland og Knut K. Rødde.¹³

Bærprodusentane i Hjelmeland hadde faste leverandørar og tinga gjerne korgar for neste sesong vinteren i førevegen. Korgene blei henta heim i store buntar på 20 korgar i bunten om våren. Blei det svært gode bærår og ekstra store avlingar, fekk mange for lite korgar og laut prøva å få fatt i meir. Korgprodusentane fekk oppleva travlne tider og stod på alt dei vann i dei gode sesongane. Alle bærprodusentane i Hjelmeland kjøpte korgar direkte frå dei som laga korgar, men bærfolk andre stader i Ryfylke fekk korgar gjennom omsetningslaget Ryfylke Fruktlag. Det blei laga korgar andre stader enn i Hjelmeland, m.a. i Sørskår.¹⁴

I dei store bæråra prøvde mange seg som korglagarar i større og mindre omfang. Dei som driv i det småe, nytta same type høvel til å laga spon som Johannes Hetlelid bruka i Vormedalen i sine tidlege produksjonsår.



Ryfylkekaaien i Stavanger ein laurdags ettermiddag kring 1910. Kaien er full av sponkorgar med bær. Foto utlånt frå Norsk Folkemuseum.

MIKKEL HETLELID LAGA MANGE KORGTYPAR

Gjennom mange år hadde Mikkel Hetlelid (f. 1899) sponkorgproduksjon som leveveg. Han byrja for seg sjølv i 1924 etter å ha hjelpt til hos faren tidlegare. I til-

legg til sponkorglaging reiste Mikkel Hetlelid mykje som emissær for Indremisjonen. Mikkel Hetlelid produserte store mengder av dei tradisjonelle bærkorgene, men då etterspurnaden etter desse korgene minka kraftig etter 1930, gjekk Mikkel Hetlelid i gang med å tilby nye korgtypar.

I fleire år var babykorgar med sponfletta sider ein populær artikkel. Desse korgene blei det levert mange av til firmaet Maskinhuset i Stavanger. Mikkel Hetlelid

laga og sponfletta sykkelkorger og og handlekorger med handtak i. Sidan gjekk han i gang med å produsera barnekorger som blei dekorerte med små border. I eldre år laga Mikkel Hetlelid såkalla picknikkorger. Desse fanst det fleire modellar av. Korgene hadde botn av tre og handtak. Ei tid laga og Mikkel Hetlelid kleskorger. Desse var av eit noko større format.

Mikkel Hetlelid prøvde å tilpassa seg marknaden ved å tilby nye korgmodellar når tida høvde for det. Hetlelid tok og oppatt andre modellar.

Til dei ulike korgslaga nytta Hetlelid ulike fletteteknikkar. Bærkorger og barnekorger blei fletta etter to forskjellige teknikkar, babykorger og handlekorger hadde same fletteteknikken, og dei store kleskorgene var laga etter ein fjerde fletteteknikk.

Mikkel Hetlelid bruka same maskinen som faren til sponhøvling. Desse maskinen brann opp i 1971, og då kom ein ny maskin av same modell i bruk. Desse maskinen blir nytta den dag i dag. På maskinen blir det høvla til spon av ulik breidde og tjukkelek.

Mikkel Hetlelid kjøpte eit stykke på Mæland i Vor-medalen og fekk seg verkstad på denne eigedommen. Ein del korger blei selde gjennom Industrikontoret i Stavanger, men mange korger omsette Hetlelid privat. Folk kom heim til han for å kjøpa korger, og forkynnarverksemda skaffa Hetlelid mange kontaktar.

Mikkel Hetlelid dreiv sponkorgproduksjon åleine, men hadde god hjelp av ungane då dei voks til. Men ungane reiste heimanfrå og dreiv i vaksne år lite med korgfletting på alvor før sonen Kåre Johannes kring 1980 satsa aktivt på å føre familietradisjonen vidare. Han etablerte seg som korgmakar på Hjelmeland.¹⁵

KORGLAGAR I TREDJE GENERASJON

Både Mikkel og Ola Hetlelid laga korger i årevis etter dei nådde pensjonsalderen, og det har ikkje vore stans



Korgflettar Kåre Johs. Hetlelid i arbeid. Biletet viser korgmodellar som blir laga i i dag.

i korgproduksjonen i Hjelmeland. Men då Kåre Johannes Hetlelid gjekk i gang å laga korger, var årsproduksjonen av sponkorger i Hjelmeland ikkje stor.

Kåre Johannes Hetlelid er korgprodusent i tredje generasjon. Han lagar dei same modellane som faren og prøver å utvikla nye modellar der dei gamle flette-

teknikkane blir brukte. Det er i dag god etterspurnad etter sponkorger. Gjennom bedrifta Ryfylke Husflid sel Kåre Johannes Hetlelid sponkorger og andre husflidsprodukt i eige utsal i Hjelmelandsvågen. Ryfylke Husflid lærer og opp andre til å laga sponkorger, m.a. blei det sist på året i 1986 etablert verna arbeidsplassar i Hjelmeland med sponkorger som arbeidsoppgåve.

BÅDE BRUKSTING OG PYNTETING I DAG

I tidlegare tider var sponkorger ein viktig bruksting som blei kjøpt i store mengder av særleg frukt- og bær dyrkarar i Hjelmeland og andre plassar i Ryfylke. Sidan kom fleire modellar tilpassa nye behov. Korgene var likevel bruksting med praktiske funksjonar. I dag blir korgene nytta både i praktiske samanhengar og meir som pynteting, og modellane er fleire enn nokon gong.

Den store produksjonstida for sponkorger i Hjelmeland fell av naturlege grunnar saman med åra då bærproduksjonen hadde sine glansår. Emballasjeproduksjon av korgar og kassar skaffa folk i Hjelmeland tilleggsinntekter i dei gode frukt- og bæråra. Dei som satsa mest aktivt på produksjon av sponkorger, greidde å tilpassa korglaginga til nye utfordringar då frukt- og bærproduksjonen minka. Sponkorger av ulike modellar har gjennom 85 år vore ein interessant husflidsproduksjon i Hjelmeland.

NOTER:

1. Stavanger Husflidsforening. Beretning om virksomheten 1888–1912. Stavanger 1913.
2. Stavanger Husflidsforening 50 år. Stavanger 1938.
3. Brevet finst i arkivet til Stavanger Husflidsforening.
4. Kursrapport frå Caspara Scherer.
5. Stavanger Husflidsforenings arkiv. Hetlelid har elles tydeleg vore unøyaktg med tidfestinga av kurset. September skal truleg vera Desember.
6. Stavanger Husflidsforening. Beretning om virksomheten 1888–1912, s. 29.
7. Opplysningar frå Torgils Vaage, Stavanger.
8. Jubileumsskriftet til Stavanger Husflidsforening fra 1913. Kurset i Vormedalen må ha vore i 1901 og ikkje i 1902.
9. Opplysningar om Johannes Hetlelid er gitt av sonen Arne Hetlelid.
10. Tor Skiftun: Hjelmeland. Bygdebok utgitt i 1938. s. 223.
11. Trygve Brandal: Frukt- og bær dyrkinga i Hjelmeland. Rapport frå innsamlingsarbeid sommaren 1982. Ryfylkemuseet 1982.
12. Tor Skiftun: Næringsliv i Austre Ryfylke. Stavanger Turistforenings årbok 1933.
13. Tor Skiftun: Hjelmeland. 1938.
14. Opplysningar frå Georg Sæbø, Hjelmeland.
15. Opplysningar om Mikkel Hetlelid frå sonen Kåre Johannes Hetlelid.

NJÅL TJELTVEIT (f. 1943) er kultursjef i Hjelmeland. Han har tidlegare arbeidd som lærar. Tjeltveit har skrive ei rekke kulturhistoriske artiklar og har m.a. gitt ut bøkene «Krigsåra i Hjelmeland» saman med Trygve Brandal (1985) og «Hjelmelandsvågen» (1986).

BØKER OG HEFTE FRÅ RYFYLKEMUSEET

Lars Hellemo: Frå Torvskurd til tingsal (1985)	kr 78,-
Roy Høibo: Då besta va' ung (1982)	kr 25,-
Roy Høibo: Folk og hus i Suldal (1984)	utseld
Roy Høibo: Blant silkebus og bønder (1987)	kr 78,-
Roy Høibo: Ulla-Førre (1987)	kr 188,-
Frå bygd og by i Rogaland, årbok for Rogaland Folkemuseum Enkelte årganger 1950-1975	kr 10,- kr 20,-
Folk i Ryfylke, tidsskrift for Ryfylkemuseet 1984-1987	kr 45,-

Bøkene kan tingast frå Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 79 73 77, eller kjøpast i ekspedisjonen på sjøhuset på Sand, der vi også har annan lokalhistorisk litteratur for sal.



Ryfylkemuseet takkar følgjande firma
for støtte til drifta av museet:



Tor Underbakke

Sport-Båt-Motor-Bensinautomat
SAND. TLF. 97 486



ALT I KOLONIAL

SULDAL INSTALLASJON

SAND

TELEFON 97 319



JERN-BYGGEVAREFORRETNING
Spesial listverk-panel på bestilling

Kaldheim & Sønn

UR – OPTIKK

Telefon 97 660 – 4230 SAND

Hjelmeland Sparebank

14130 HJELMELAND

TELEFON 04 - 44 04 17

DnC

Suldal

LOKALBANKEN MED
STORBANKENS FORDELER



EIN SERVICEBANK
FOR HEILE DISTRIKTET

BUSTAD

herreekviperings a
S

TLF. 97 148
SAND

A.s Sands Laksefiske

P.O.B. 44 - STAVANGER



VERN VERNEVERDIGE VERDIER
VERNOLIN -
linoljemaling med sinkhvitt

SAUDA INTERIØR TLF. 93 044

Singel og Grus A.s

ÅRDAL

Hovedkontor: SANDNES - Tlf. 04 - 57 52 77



AARTUN
TREVAREFABRIKK

SAUDA - TLF. (047) 92 202



møbelfabrikk Hjelmeland
Tlf. (04) 44 03 00

møbelforretning Stavanger
Løkkeveien 40
Tlf. (04) 52 36 83 - 52 12 46



ALT I
LANDBRUK
OG
SKOGBRUK

**Møgedal
mek. verksted**

SAND - TLF. 97 112



FERROLEGERINGER

SAUDA SMELTEVERK A/S

En sikker
medspiller

SAUDA - TELEFON 92 411



*For Sundhet og velvære -
spis klikavring fra*

SAUDA BAKERI

TLF. 92 167 - SAUDA

JÆRSTOLER

Hetlelid Møbelverkstad
Hjelmeland
Tlf. (04) 44 15 46



Boka om Ulla-Førre

Aldri har det vore gjennomført ei større vasskraft-utbygging her i landet. Utbygginga går føre seg mellom Indre Ryfylke i vest og Setesdal i aust, og omfattar eit område på 2000 km².

Boka handlar om alle dei interessekonfliktar som måtte komma ved så store inngrep i naturen, og forfattaren har greid å skildra både anleggsbusens strevsomme kvardag og anleggsverksemdas virknad på bygdesamfunnet.

Boka inneheld overmåte mange bilete, både i svart/kvitt og i fargar. Den er i stort format, solid innbunden og koster kr. 198,—.

Boka er til sals hos bokhandlarane og kan tingast hos Ryfylkemuseet.

Dreyer Bok - Stavanger

